


# Varsling oppstart av planarbeid for Myklebustvatnet natursti

## Til alle høyringspartar

Varsel om reguleringsarbeid:

I samsvar med reglane i plan- og bygningslova § 12-3 og §12-8 gjer vi med dette det kjent at det vert starta opp arbeid med detaljregulering for eit avgrensa område for Myklebustvatnet i Herøy kommune med tilgrensande eigedomar. Området er i dag i hovudsak avsett til landbruk, natur- og friluftsliv med bandleggingssone for Myklebustvatnet naturreservat (H720), bustadføre mål, idrettsanlegg, offentleg tenesteyting og offentleg infrastruktur(kommunal veg).

Planområdet er vist med avgrensing i figur 1).




Figur 1: Oversiktskart over planområde (plangrensa er markert raud strek).

Herøy kommune ynskjer å legge til rette for auka aktivitet i befolkning og ynskjer å vurdere moglegheitene for å etablere ein natursti rundt Myklebustvatnet. Kommunen meina dette kan vere eit positivt tiltak for å betre folkehelsa på lang sikt blant innbyggjarane. I dag ligg vatnet avskjerma bak busettinga og innbyggjarar flest har ikkje eit forhold til naturreservatet. I eit langsiktig perspektiv ser ein føre seg at nærleik til vatnet vil skape ein «eigarskap» blant innbyggjarane til naturreservatet og fuglane som nyttar det. Ei slik bevisstgjerung av kva kvalitetar som faktisk ligg midt på Bergsøya vil forhåpentlegvis bidra både til at bygdelag/nabolag, velforeningar og andre vil bidra til å halde vatnet reint og ryddig.

Kommunestyret i Herøy har 27.02.20, sak 26/20, delegert prosjektansvar for arbeidet til Herøy Rotaryklubb.

I planarbeidet må det avklarast grunneigarforholda der ein potensielt kan kome inn på bustadtomtene til bebuarane. Herøy kommune og Herøy Rotaryklubb(prosjektansvarleg) er opptekne av at naboane til ein eventuell tursti skal takast med på råd for å avklare kva som er moglegheitene for trase og evt. fysisk skjerming mellom tursti og busettinga.

**Det er ikkje teikna noko forslag til kvar ein slik natursti skal gå før det vert starta opp arbeid med detaljreguleringsplanen.**



Figur 2: Planområdet med kommuneplan og reguleringsplan.

## **Myklebustvatnet naturreservat VV00001580:**

Informasjon på [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no)

### **Generelt:**

*Hekkelokalitet men også trekk og overvintringslokalitet for enkelte arter. 4 arter av regional og 16 arter av nasjonal interesse. Elles ein serdeles tett hekkebestand av mange artar. Vatnet er grunt, næringsrikt og vegetasjonsrikt ferskvatn og sumpmarksområde i eit småkupert kyst- og kulturlandskap. Vatnet er ringforma omkring ein større og 4 mindre holmar. Lokaliteten er lett tilgjengeleg og ligg godt tilrette for forskning og undervisning. Islegging om vinteren gir mulighet til bruk som skøytebane. Kraftline krysser området. Av vernereglane kjem det mellom anna fram at det er forbod mot all ferdsel i området i perioden 1.3-31.10.*

### **Forskrift om vern av Myklebustvatnet:**

Myklebustvatnet er sikra gjennom vedtak av forskrift om vern med ikrafttredelse 27.05.1988: <https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/1988-05-27-382>

Utklipp frå dei viktigaste punkta i forskrifta:

- 1. All vegetasjon i vatn og på land er freda mot all form for skade og øydelegging. Nye planteartar må ikkje innførast.*
- 2. Alt vilt, medrekna hi, reir og egg er freda mot all form for skade, øydelegging og uturvande uroing, jf § 3 i viltlova. Jakt, fangst og bruk av skytevåpen er forbode. Hundar må ikkje sleppast lause i reservatet. Utsetjing av vilt er ikkje tillate.*
- 3. Det må ikkje iverksetjast tiltak som kan endre dei naturgjevne tilhøva, under dette oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, plassering av campingvogner, framføring av nye luftleidningar, jordkablar og kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, ny utføring av kloakk eller andre konsentrerte forureiningstilførselar, dumping av avfall, gjødsling og bruk av kjemiske plantevernmiddel. Opplistinga er ikkje fullstendig.*
- 4. Motorisert ferdsel til lands, samt lågtflyging under 300 m er forbode. Bruk av modellbåtar og modellfly er forbode. Camping, teltslaging og oppsetjing av kamouflasjeinnretningar for fotografering er forbode. I tida f.o.m. 1. mars t.o.m. 31. oktober er all ferdsel i reservatet forbode.*

Dette planarbeidet vil, slik Herøy kommune ser det, utfordre punkt 3 i forskrifta då ein ser at det kan vere behov for å bevege seg innanfor vernegrensa med ein natursti. Kommunen og Herøy Rotaryklubb ynskjer ein dialog med fylkesmannen om

moglegheitene for å legge ein natursti innanfor vernesona på enkelte områder med god tilpassing og evt. fysisk skjerming mellom Myklebustvatnet og naturstien.

Herøy kommune og Herøy Rotaryklubb ser også fleire felles prosjekt med fylkesmannen som går på formidling av informasjon til innbyggjarar, barnehagar og skular. Informasjonsformidling av dei kvalitetane som er i vatnet ser ein som svært viktig for å få aksept for naturreservatet og «eigarskap» blant innbyggjarane.

Prosjektstyret har gjort følgande vedtak 21.02.2020:

- a. *For prosjektstyret er det vesentlig å finne løysingar der etablering av ein natursti inn til naturreservatet bidreg til å styrke vernet av området. Ein natursti vil styrke lokal oppfatning av naturreservatet som ein lokal verdi og bidrage til muligheit for kunnskapsformidling om mangfaldet i naturreservatet både til skular og publikum.*
- b. *Prosjektstyret vil, i tett samarbeid med fylkesmannen, kunne bidrage til å gjennomføre viktige forvaltningstiltak i naturreservatet slik det går fram av forvaltningsplanen i samband med etablering av ein natursti. Dette gjeld og etter ferdigstilling av ein natursti dersom det er ønskjeleg.*

Prosjektstyret gjorde også følgjande vedtak 11.03.2020:

5. *Prosjektstyret vil bidrage til utvikling av eit konkret samarbeidsprosjekt mellom fylkesmannen/statlege miljømyndigheiter og prosjektstyret/Herøy kommune knytt til kunnskapsformidling om naturreservatet og naturmangfald, spesielt retta mot barn og unge. Eit slikt samarbeidsprosjekt er ein naturleg del av prosjektet Myklebustvatnet natursti. Etablering av informasjons- og utsiktspunkt som del av naturstien er og ein naturleg del av prosjektet. Prosjektstyret tek dette opp med Herøy kommune og fylkesmannen.*

I arbeidet har Prosjektstyret heile vegen vurdert kva framgangsmåte vil vere mest effektivt og mest teneleg for å få realisert ein tursti rundt Myklebustvatnet. Alternativa har vore dispensasjonsbehandling eller utarbeiding av reguleringsplan.

Prosjektstyret gjorde følgjande vedtak 18.06.2020:

*Prosjektstyret la i sine drøftingar vekt på å sikre ein ryddig og oversiktleg prosess der den einskilde grunneiar sine rettar og samfunnet sine interesser vert ivareteke i samsvar med plan- og bygningslova. Med så mange berørte grunneigarar kombinert med sterke reguleringar av naturreservatet, finn styret det rett å gjennomføre ein ordinær reguleringsplanprosess. Dette sikrar formell og balansert ivaretaking av alle berørte sine interesser.*

**Vedtak:**

1. *Prosjektstyret vedtek å sende søknad om oppstart av reguleringsplan for prosjektet Myklebustvatnet natursti.*

Innspelet til saka skal sendast skriftleg til:

**Herøy kommune, utviklingsavdelinga, Pb 274, 6099 Fosnavåg** eller pr. e-post til [postmottak@heroy.kommune.no](mailto:postmottak@heroy.kommune.no)

Merk innspelet med: **saksnr. 19/14767**

Meir informasjon om saka kan ein få ved å kontakte:

Ole Magne Rotevatn, telefon nr. 909 74 128

[Ole.magne.rotevatn@heroy.kommune.no](mailto:Ole.magne.rotevatn@heroy.kommune.no)